



Vertshuset satsar på større mannskap denne sesongen. Her står (frå venstre) Maria Laxheim, Stian Fjæreide, Linn Holmeskog og Johanna Oxling klare til innsats. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Denne helga har det vore ein god sesongåpning for Vertshuset. Eigar Røssland lovar større bemanning enn i fjor og også ei meir forutsigbar drift. Det skal ikkje minst den nye websida [www.vertshuset.no](http://www.vertshuset.no) bidra til. Ellers er det viktig for han å presisera at drifta denne sommaren ikkje vil bli berørt av eit eventuelt sal av eigedomen.**

Men det er restaurantsjef Maria Laxheim, no busett i Bergen, som held taumane i den daglege drifta.

Ein annan i nøkkelstilling er kokken Stian Fjæreide frå Bergen. Han er ikkje meir enn 19 år, men starta tidleg og er no i ferd med å avslutta to år som lærling uner sjølvaste meisterkokk Frode Aga i Hallingstuene på Geilo. No er han med andre ord kokk med fagbrev og Vertshus-leiinga ventar mykje av han.

To Gøteborg-jenter er også ansatt - Johanna Oxling og Linn Holmeskog. Dei er venninner og har mellom anna jobba på bar i Sveits. Litt seinare på sommaren kjem det to jenter til frå Sverige for å ta eit tak på Vertshuset. Leiinga ved Vertshuset er litt skuffa over at det har vore få lokale søkjarar, men det blir som i fjor rekruttert inn lokal ekstrahjelp til ymse funksjonar og selskap.

- Vi har lagt opp ein trestegsrakett i sommar, fortel restaurantsjefen. No i denne helga er det berre pizza på menyen og i perioden frå 5. juni til 3. juli blir det ein enklare meny. Men frå 4. juli til 9. august køyrer dei med lunsjmeny og a la carte.

Opningstida vil også variera. Frå 5. juni til 18. juni og i tida frå 10. til 30. august blir det ope berre i helgane, men frå 19. juni til 9. august blir det ope kvar dag.

Skalldyraften blir ein slagar også denne sesongen, den blir på torsdagar med unntak av i starten og slutten då fredag er skalldyrdagen.

Vertskapet vonar også at mange kjem for å sjå fotball på storskjerm. Avsparket skjer allereie på tysdag, med Brann-kamp.

Meir om Vertshuset i sommar på [www.vertshuset.no](http://www.vertshuset.no)

Av Ola Matti Mathisen